



Arkivsaknr: 2024/11591-1
Sakshandsamar: Anders Olav Dale
Avdeling: Kulturutvikling, idrett og frivillighet

SAKSFRAMLEGG

Revidering utleigereglement

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

	Utval for næring, kultur og idrett	
--	------------------------------------	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett legg ut revidert utleigereglement for kommunale bygg og anlegg på høyring. Høyringsperiode er 13.11-13.12.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, idrett og kultur.

Saka gjeld

Utval for næring, kultur og idrett vert i denne saka invitert til å leggje ut revidert utleigereglement på høyring. Høyringsperioden er planlagd frå 13.11-13.12.2024.

Ny handsaming er planlagd i første utvalsmøte etter nyttår, med avgjersle i følgjande kommunestyre.

Saksopplysningar

Reglementet for bygg og anlegg skildrar korleis ein kan nytta kommunen sine lokalitetar, bruksreglar, prosessar for tildeling av tid, samt retningslinjer for bruk av enkelte anleggstypar. Gjeldande reglement vart vedtatt i samband med kommunesamanslåinga i 2020.

Behov

Det er behov for ei revidering av reglementet for tydeliggjering av reglar og retningslinjer utifrå tileigna erfaring, og praksis ved utleige av kommunale bygg og anlegg.

Partar

Framlegget vert sendt til uttale frå Alver idrettsråd og Alver kulturråd.

Privatpersonar, frivillige lag og organisasjonar elles vil også vere aktuelle høyringspartar.

Vurdering

Føreslegne endringar i reglementet

- 1) Forenkla dokumentstruktur, omgrepsbruk, samt tydeleggjering av generelle, og spesielle bruksreglar.
- 2) Presisering av tekst gjeldande kostnadsfri bruk til trening og kamp versus anna aktivitet og arrangement for born og ungdom under 19 år.
- 3) Skriftleggjering av praksis frå dei tidlegare kommunane når det kjem til kostnadsfri bruk av eigen skule til feiring av barnebursdag.
- 4) Skriftleggjering av utleigeprosess knytt til arrangement.
- 5) Presisering om at fast tildelt tid føl skuleruta, og gjeld frå skuleårets start til slutt.
- 6) Tildelingsprosess som gjeld for fast tildeling av tid prioriterer tildeling av tid for organisert aktivitet for born opp til 13 år først, og så til organisert aktivitet for ungdom frå 13-19 år. Begge for grupper heimehøyrande i Alver. Desse gruppene var tidlegare samla.
- 7) Tydeleggjering av at grupper med særskilde behov har fortrinn ved fast tildeling av tid.
- 8) Endra tekst som seier noko om frist for søknad og vedtak gjeldande fast tildeling av tid.

Endringane som er gjorde er meint til å gjere det enklare å finne fram i dokumentet, og tydeleggjering av ansvar knytt til bruken. Erfaring frå utleige av kommunale bygg og anlegg gjennom dei siste åra har gjort at det er behov for enkelte presiseringar, samt skrifteleggjering av allereie gjeldande praksis. Behov for å dele opp gruppa born og ungdom opp til år i to er gjort med bakgrunn i erfaringar og utfordringar som er dukka opp knytt til fast tildeling av tid dei seinare åra. I praksis prioriterer me dei yngste først på ettermiddag og kveld ved tildeling av tid, men dette har ikkje vore heimla i tidlegare reglement.

Økonomiske konsekvensar

Saka omhandlar ikkje endringar som vil ha økonomisk verknad.

Miljømessige konsekvensar

Saka har ikkje miljømessige konsekvensar.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Saka har ikkje organisasjonsmessige konsekvensar.

Risiko

Der er ikkje kjend risiko ved saka.

Vurdering av særskilte grupper

Barn, ungdom og menneske med nedsett funksjonsevne er særleg prioritert i delen av reglementet som dreier seg om fast tildeling av tid.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår å leggje utkast til reglementet på høyring, for å få innspel til saka.

Vedlegg

- 1 Utleigereglement - BYGG OG ANLEGG_framlegg til høyring